

## Bygdelaget si fråsegn om ny E 39

Bygdelaget har levert høyringsfråsegn til Statens vegvesen om planane for ny E39.

Merknad om ny E 39 forbi Hjelmås Sak  
15/204805 Kommunedelplan E 39 Flatøy-  
Eikefettunnelen

Her er planen til Statens vegvesen

Bygdelaget 5915 representerer bygdene som soknar til Leiknes skuleskrins, frå Mundal i sør til Heggernes i nord. Laget representerer bygda som høyrings- og samarbeidsorgan ovanfor kommunen og andre offentlege instansar.

Vår meining er at linjeføringa forbi Hjelmåsbygda vil medføre svært store inngrep i natur- og kulturlandskap, og vera til stor sjenanse for bygda slik den er, og slik den kjem til å utvikla seg dei neste 100 åra. Dette gjeld komande generasjonar og retten til å kunne ha eit natur- og rekreasjonsområde i gangavstand.

Klimamål, folkehelse og Unesco-arbeidet

Me vil minna om at ei storstilt utbygging av vegane og ein formidabel fartsauke vil føra til meir trafikk og meir ureining, og er i direkte konflikt med nasjonale og lokale klimamål. Me stiller såleis i første omgang spørsmål ved sjølv behovet for denne utbygginga, då eksisterande E39, med ei oppgradering som er langt billigare, vil kunna stetta behovet for å koma seg fram, rett nok utan å kjøra i 110 km/t. Fartsbehovet bør underordnast dei økonomiske, naturmessige og folkehelsemessige kostnadane som den planlagde utbygginga legg opp til.

Me minner også om at Nordhordland er i ferd med å SØkja Unesco-status som Norges første biosfæreområde, der nettopp omsyn til berekraftig utvikling og godt samspel mellom menneske og natur spelar ei viktig rolle. Overkjøringa (bokstaveleg tala) av natur- og kulturlandskap vil i denne samanhengen koma dårleg ut i ei slik Unesco-vurdering.

Kartet viser kor voldsomme inngrep det vert med å lage steinfyllingar tvers over Haukåsvatnet og Hjelmåsvatnet eller Langavatnet og Sandvikavatnet. Går ein ut i terrenget og ser der kva som er tenkt skal skje, så er det ein tragedie for bygdefolket og skadeleg for folkehelsa. StØY frå trafikk vil vera ekstra høg når den ligg så nær vatn. Mange innbyggjarar vil bli «fanga» midt i mellom støyen frå den nye vegen over vatna, og den allereie påfallande trafikkstøyen frå eksisterande E 39. Trafikken på sistnemnde vil ikkje minka monaleg, då all lokaltrafikk og tilkjøring til den nye vegen vil gå her. Ein firefelts motorveg med stØY og støv frå trafikken kan medføre stress og helseplager.

## Historie, notid og framtid

Namnet på området her er frå gammalt av Vassbygdi. Det fortel mykje om den karakteristiske topografien, der vatn og innsjøar har spelt ei sterk og identifiserande rolle. Kulturlandskapet er forma ut frå dette, og burde ha vore freda. Vatna som vert råka av den planlagde vegbygginga er i dag fiskevatn og badevatn for store og små, det er eit attraktivt turområde med rundturar i og rundt desse vatna, og dei er brukt til skeisevatn i kalde vintrar. Vert vegplanane slik de foreslår, uansett kva alternativ ein vel tek de frå oss turog rekreasjonsområdet vårt. Dei heilt unike idyllane våre, alle vatna som er bunde i saman, tørrmura bruer og fri natur vert borte for oss og for komande generasjonar. Som de sjølv skriv i silingsrapporten, kap. 3.4: «Går ein tettare på landskapet finn ein spesielle område med stor lokal verdi, det er kulturlandskapet i Isdal, småvatna rundt Hjelmås, strand og sjøområda i Eikangervåg, sjølv Eikangerbygda og Ostereidet (...)».

Hjelmåsbygda er på ingen måte eit område som er i ferd med å døy ut. Området har ein sterk utbyggingstakt - folk flyttar hit, kulturlivet blomstrar, og bustader vert etablert i den sjønære delen av bygda. Me meiner at me har ein eksisterande E39 som, med ei framtidig oppgradering med støyskjerming etc, vil kunna handtera både lokaltrafikk og gjennomgangstrafikk, Me respekterer at Knarvik skal utviklast som regionsenter og treng betre trafikale forhold enn i dag, men det må ikkje vera slik at dei som bur i bygdene tett opp mot Knarvik skal betala prisen for dette.

Me vil også påpeika at dei presenterte planane vil leggja band på eigedomar og bustader som i dag er i bruk av familiar som på grunn av ei framtidig utbygging får låst sine muligheter til å utvikla, selja eller investera i eigedomane sine. Folk på fleire vakre gardar og tun får livet satt på vent, fordi det i framtida skal koma ei rundkjøring eller ein firefelts veg akkurat der hus og bruk ligg i dag. Dette vil vera ein stor stressfaktor for dei det gjeld, i tillegg til ei stor økonomisk belastning.

## Alternativa

Me stiller som sagt først og fremst spørsmål ved kvifor det i heile teke skal byggast uti og tykkjer ikkje krav om høgare fart og kortare reisetid er eit godt nok argument for slike massive inngrep. Me meiner det må vera eit mål å få bilbruken ned, knytt til nasjonale og globale klimamål, og til mål om eit berekraftig samfunn der trivsel og folkehelse står i sentrum. Ei større satsing på kollektivtrafikk og båttrafikk («bybane på fjorden»), også i mindre sentrale strok, vil bidra til dette.

Alle alternativa som er presenterte i planen vil på ein eller annan måte gjera uoppretteleg skade på våre område. Å stemma for eit av alternativa vil dermed vera som å velja mellom pest eller kolera. Me vil difor fremma ønske om at det — i den grad utbygging må finna stad, kun vert bygd i tunell, helst under bakken, og med utløp/tilkjøring der det ikkje bur folk eller er rekreasjonsområde.

Eit alternativ er å kun satsa på tunnel-løp mellom Eikefet og Romarheim, ei strekning der vegen i dag er på det dårlegaste. Dersom ein allokterer ressursane til ei utbygging der, vil trafikken kunna ta inn dei «tapte minutta» mellom Bergen og

Førde knytt til ei rimelegare oppgradering av eksisterande E39 forbi Hjelmås. Me vil også presisera at me forventar at eksisterande E 39 framleis vert drifta og vedlikehalden på tross av langsiktige planar om alternativ trasé. Vi oppmodar til at planleggjarane tek tilbakemeldingane frå bygdelaget alvorleg.

For Bygdelaget 5915  
Inger Helen Midtgård (leiar)

